

# Årsrapport for 2017

Godkjend i styremøtet til Språkrådet 22. februar 2018

Språkrådet<sup>o</sup>

## Del I: Melding frå leiinga

I 2017 har Språkrådet gjort ei omfattande kartlegging av språktilstanden i Noreg. Resultata er presenterte i rapporten *Språkstatus 2017*, der det går fram at norsk språk på visse område er minst like utsett som før. I *Språkstatus 2017* er det peika på viktige innsatsområde for språkpolitikken i tida framover. Den største utfordringa blir å syta for at norsk ikkje tapar terreng som følgje av digitaliseringa av samfunnet. Målet må vera at alle offentlege digitale produkt og tenester skal ha norskspråkleg innhald, men då må det finnast språkteknologiske grunnlagsressursar til bruk for alle utviklarmiljø som leverer produkt og tenester med språkkomponentar. For ein liten marknad som den norske er det viktig at grunnlagsressursane (store munnlege og skriftlege tekstsamlingar, grammatikkverktøy, verktøy for ekstrahering av termar osv.) er gratis og har open kjeldekode. Godt tilgjenge til kvalitetssikra digitale grunnlagsressursar for norsk vil ikkje minst letta arbeidet for alle verksemder som pliktar å utvikla digitale tenester på begge målformer.

Rapporten viser at det bør setjast i verk effektive tiltak for å sikra norsk og dei nasjonale minoritetsspråka i den digitale tidsalderen. Nynorsk er den minst brukte og mest utsette av dei to norske målformene. Det hender ikkje sjeldan at offentlege verksemder utviklar nye digitale verktøy og tenester berre på bokmål, ofte med den grunngevinga at det er vanskelegare å få det til på nynorsk. Språkrådet arbeider difor for at digitale tenester og verktøy for begge dei to norske målformene skal utviklast og takast i bruk samtidig, og at dette skal bli eit krav til universell utforming. Det vil vera til det beste for brukarane og for språket.

*Språkstatus 2017* peikar på samfunnsområde der språket er særleg utsett og treng styrking. Det gjeld først og fremst universitets- og høgskulesektoren og visse delar av arbeids- og næringslivet, og dessutan tilbodet til barn og ungdom i digitale medium.

Språkvala i den høgare utdanningssektoren er avgjerande for både statusen til norsk språk og bruken av norsk på ei lang rekkje samfunnsområde. Det er naudsynt at universiteta og høgskulane følgjer opp det ansvaret dei har etter universitets- og høgskulelova for å ta vare på og utvikle norsk fagspråk. Difor har Språkrådet og Noregs handelshøgskole i 2017 starta utviklinga av ein metodikk for parallell språkbruk, slik at institusjonane får eit verktøy til å gjera gode, situasjonstilpassa språkval og sikra arbeidet med norsk fagspråk. I arbeids- og næringslivet trengst det særleg styrking av norsk språk i standardar, og det trengst strategiar for språkopplæring og språkval på den fleirspråklege arbeidsplassen. I det digitale kultur- og medietilbodet til barn og unge trengst meir norskspråkleg innhald av høg kvalitet som gjer at det norskspråklege tilbodet kan konkurrera med det engelskspråklege. Språkrådet har i 2017 gjort mykje på alle desse områda.

I juni 2017 lanserte Språkrådet eit nytt, gratis e-læringskurs i nynorsk, og i september kom Språkrådet og Universitetet i Bergen med ein nedlastbar ordbokapp til bruk på alle typar mobile einingar. Appen gjer det mogleg å søkja i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* frikopla frå nettet. Allereie hausten 2017 fekk e-læringskurset og appen svært mange brukarar.

Språkrådet har som mål å auka kunnskapen om godt, normert og korrekt skriftspråk. For å ha god effekt må tilbodet vera brukarvenleg og tilgjengeleg på plattformer folk flest brukar, som smarttelefonar og nettbrett. Digitaliseringstiltaka i 2017 har gjeve språkbrukarane betre og meir tilgjengelege produkt, og har dessutan effektivisert rettleiingsarbeidet til Språkrådet.

Oslo, 22. februar 2018



Åse Wetås  
direktør



Guri Melby  
styreleiar

## Del II: Verksemda og nokre hovudtal

### Verksemda og samfunnsoppdraget

#### Namn, departementstilhøyrsløse og tilknytingsform

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet. Språkrådet har eige styre.

#### Fullmakter og ansvarsområde

Språkrådet følgjer opp språkpolitiske mål og strategiar som er fastsette av regjeringa og Stortinget. Vedtektene seier at Språkrådet kan uttala seg og gje råd etter eige skjønn om kva tiltak som best tener dei vedtekte språkpolitiske måla. Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og skal uttala seg om spørsmål som andre statlege organ eller verksemdar legg fram for rådet. Språkrådet representerer Noreg i nordisk og internasjonalt språksamarbeid. Språkrådet har fullmakt til å gjera bindande normeringsvedtak for bokmål og nynorsk i einskildsaker. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for Kulturdepartementet til godkjenning. Etter opplæringslova godkjenner Språkrådet ordlister og ordbøker til skulebruk. Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan. Språkrådet administrerer dei regionale stadnamntenestene og forvaltar ei tilskotsordning for innsamling og registrering av stadnamn.

#### Overordna mål

Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å styrkja norsk som fullverdig hovudspråk og sikra både det norskspråklege og fleirspråklege mangfaldet.

Tildelingsbrevet for 2017 fastsette tre hovudmål for Språkrådet:

- 1 å styrkja statusen til norsk språk og bruken av det i heile samfunnet
- 2 å fremja norsk som eit godt og velfungerande kultur- og bruksspråk
- 3 å sikra det språklege mangfaldet og språkbrukarane sine interesser

#### Samarbeid med andre

Språkrådet samarbeider med både offentlege og private verksemdar i Noreg.

##### Nasjonalt:

- Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) – samarbeid om klarspråkstiltak
- Nasjonalbiblioteket – Språkbanken
- Universitetet i Bergen – språksamlingane, Norsk ordbank, *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*
- Universitetet i Oslo – MultiLing – senter for fleirspråklegheit
- Standard Norge – samarbeid om norskspråkleg terminologi
- Finans Norge – samarbeid om klart språk i næringslivet

- Statens kartverk
- Sametinget
- Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet

#### Internasjonalt:

- Nettverket for språknemnder i Norden
- Nordisk språkkoordinasjon
- EFNIL (European Federation of National Institutions for Language)
- UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names)
- UNGEGN – Norden Division

I tillegg kjem fleire nordiske og internasjonale samarbeidsorgan innanfor terminologi, klarspråk, språkteknologi og leksikografi.

## Organisasjonen

### Leiing

Styret har det øvste ansvaret for verksemda i Språkrådet. Styret er oppnemnt av Kulturdepartementet med Guri Melby som styreleiar. Styremedlemer er Trond Trosterud (nestleiar), Liv Kari Eskeland, Jan Erik Knarbakk og Bjørg Nesje Nybø (tilsettrepresentant).

Direktøren står for den daglege leiinga av verksemda. I leiargruppa sit direktøren, leiarane for dei tre fagseksjonane, administrasjonssjefen og kommunikasjonssjefen.


### Talet på tilsette og årsverk

I 2017 hadde Språkrådet 29,8 årsverk fordelt på 35 tilsette.

### Lokalisering

Hovudkontoret til Språkrådet ligg i Observatoriegata 1 i Oslo. Språkrådet organiserer òg stadnamntenesta, som i 2017 hadde kontor i Tromsø, Trondheim (fram til mars 2017) og Bergen, i tillegg til i Språkrådets hovudadministrasjon.

## Organisasjonskart



## Utvalde hovudtal

### Volumtal

#### Rådgjeving frå Språkrådet og bruk av standardordbøkene på nett

		Rådgjeving			Bokmålsordboka og Nynorskordboka	
		E-post	Telefon	Sosiale medium	Oppslag på ordbok.uib.no <sup>1</sup>	Nedlastingar av ordbokappen <sup>2</sup>
2015		4075	1203	550		
2016		4239	1175	787		
2017		4477	1290	798	42,14 millionar	28 456

#### Kursverksemda i Språkrådet

	Klarspråkskurs	Nynorsk kurs	Terminologikurs
2013	14	11	7
2014	7	9	2
2015	11	13	3
2016	11*	20	5
2017	25*	14	6

\*Talet omfattar både kurs og føredrag.

Det blei i 2017 halde til saman 14 nynorsk kurs for 11 ulike oppdragsgjevarar. Totalt deltok ca. 300 statstilsette på desse kursa. Terminologikursa hadde 42 deltakarar og dei reine klarspråkskursane hadde ca. 200 deltakarar. I tillegg blei det halde ei rekkje klarspråkspresentasjonar for større grupper deltakarar.

---

<sup>1</sup> Bokmålsordboka og Nynorskordboka blei overførte til Universitetet i Bergen i 2016, men det er først for 2017 me har søkjetal for heile året. Tala er ein god del lågare enn det blei rapportert om da nettordbøkene låg på nettstaden til Universitetet i Oslo. Dette kan ha tekniske årsaker, som at lenkjer og treff i søkjemotorar må etablerast på nytt. Ei delforklaring kan òg vera at fleire storbrukarar av ordbøkene har teke i bruk ordbokappen. Me kan heller ikkje sjå bort ifrå at det har vore ulike målemetodar ved dei to universiteta; det må undersøkjast nærmare.

<sup>2</sup> Appen *Ordbøkene* blei lansert i september 2017.

## Saker om brot på mållova

2014	2015	2016	2017
62	43	56	60

## Termbasar

Termbase	Termpostar				
	2010	2011	2015	2016	2017
Snorre	–	53 486	52282	52282	<b>56 940</b>
EØS-EU-basen	40 319	40 354	42 895	42 915	
MeSH		12 600		19 085	<b>20 000</b>
Termportalen (NHH)			95 829	95 879	<b>97665</b>
Internasjonal klassifikasjon for sykepleiepraksis (ICNP)			4212	4320	<b>4326</b>
UHRs termbase		1722	1868	1868	<b>1868</b>
Kollegiet for brannfaglig terminologi	1424	1534	1629	1672	<b>1747</b>
Akutt forureining	67	229	599	684	<b>709</b>
Electropedia			3073	3073	<b>3073</b>
Termwikien:					
dataterm			85	86	<b>86</b>
kjemi			472	596	<b>814</b>
vegtrafikk			1012	1127	<b>1195</b>
personvern			73	73	<b>73</b>
kjønnsforskning			14	29	<b>42</b>
kognitiv lingvistikk				55	<b>113</b>
klima					<b>139</b>
celle- og molekylærbiologi					<b>106</b>
astronomi					<b>53</b>
statistikk					<b>120</b>
biologi					<b>41</b>
<b>sum</b>			1656	1966	<b>2782</b>

Snorre er Standard Norges termbase med teknisk terminologi på ei rekkje område, hovudsakleg henta frå standardar utgjevne i Noreg. EØS-EU-basen er Utenriksdepartementets termbase for omsetting av rettsakter, lover og forskrifter frå EU. MeSH er Folkehelseinstituttets emneordskatalog for helsevesenet, medan Termportalen er portalløysinga til Noregs handelshøgskule, og omfattar i hovudsak økonomisk, teknisk og maritim terminologi. Internasjonal klassifisering for sykepleiepraksis (ICNP) er forvalta av Norsk sjukepleiarforbund og inneheld fleirspråkleg helseterminologi, medan termbasen til UHR (Universitets- og høgskulerådet) inneheld studieadministrativ terminologi på norsk og engelsk. Kystverket forvaltar termbasen Akutt forurensing, som inneheld harmoniserte omgrep på området. Electropedia er ein internasjonal termbase med elektroteknisk terminologi, og Norsk Elektroteknisk Komite (NEK) forvaltar det norske innhaldet. Termwikien er ein termbase Språkrådet sjølv tilbyr små fagmiljø for å registrera og tilgjengeleggjera terminologi på ei rekkje område.

For Språkrådet er samarbeid med aktørane på dette feltet vesentleg for at me skal kunna ivareta rolla vår som nasjonalt samordningsorgan på terminologifeltet.

## Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2015	2016	2017
Årsverk	35,5	33,7	29,8
Samla tildeling post 01–78	34 765 000	33 365 394	56 386 000
Samla tildeling post 01–29	33 430 000	32 129 394	35 681 000
Utnyttingsgrad post 01–29	99,2 %	103,8 %	98,6 %
Driftsutgifter post 01	33 174 071	33 348 456	35 190 567
Lønsdelen av driftsutgiftene	76,2 %	74,8 %	74,6 %
Lønsutgifter per årsverk	712 450	739 950	859 867
Lønsutgifter	25 291 976	24 936 330	25 606 845

I 2017 tok Språkrådet i bruk DFØs rapporteringsverktøy «Økonomiinfo», som reknar ut nøkkeltala annleis enn før. Nøkkeltala for årsverk, lønsdel og lønsutgifter kan difor ikkje samanliknast med tala frå tidlegare år.



## Del III: Aktivitetar og resultat i 2017

Språkrådet har sektorovergripande ansvar for norsk språkpolitikk. Få av dei språkpolitiske måla kan verkeleggjerast berre gjennom dei aktivitetane og tenestene Språkrådet sjølv står for. Språkrådet prioriterer arbeid der andre aktørar blir trekte inn, og i det heile arbeid som når flest mogleg.

### Hovudmål A: Å styrkja statusen til norsk språk og bruken av det på utsette samfunnsområde

Språkrådet har i 2017 arbeidd med terminologi og fagspråk, teknologibasert språkbruk, språkbruk i samfunnet generelt og språkbruk i desse sektorane spesielt: universitets- og høgskulesektoren, arbeids- og næringslivet og kultur- og mediesektoren.

Standard Norge er ein sentral samarbeidspartnar for Språkrådet og ein stor leverandør av fagspråk og terminologi. Det er likevel nokså få standardar som ligg føre i norsk språkdrakt. Språkrådet og Standard Norge lanserte difor i 2016 ein felles handlingsplan for å få fleire standardar på norsk og gjera norskspråkleg terminologi på ulike standardiseringsområde meir tilgjengeleg. I 2017 blei arbeidet med handlingsplanen følgt opp med presentasjon av måla i dei ulike sektorstyra i Standard Norge for å kartleggja kva fagfelt som burde prioriterast. Standard Norge og Språkrådet har òg hatt ein dialog med Kulturdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet om mellom anna finansiering av omsetjing. Handlingsplanen har ført til at fleire standardar er blitt omsette til norsk i 2017 enn i 2016, og medvitet om kor viktig terminologi er for digitaliseringa, har auka.

Språkrådet skal vera nasjonalt samordningsorgan for utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi. Språkrådet arrangerer tverrinstitusjonelle og -sektorielle kurs og seminar for å koordinera aktivitetar, auka kompetansen og styrkja kvaliteten på terminologiutviklinga. I UH-sektoren har Språkrådet kopla fagfolk saman på tvers av utdanningsinstitusjonar i ei rekkje terminologiprojekt, og i av to prosjekta sørgjer Språkrådet for at terminologiutviklinga blir samordna med relevante offentlege etatar utanfor sektoren (Bioteknologirådet for terminologi i celle- og molekylærbiologi og Miljødirektoratet for klimaterminologi). I offentleg sektor bidreg Språkrådet til samordning av terminologiutviklinga i samband med den omfattande digitaliseringssatsinga og utviklinga av såkalte omgrepskatalogar, i samarbeid med Difi og Brønnøysundregistra. Samordningsfunksjonen blir òg utført ved hjelp av det elektroniske nyhendebrevet Termposten, som informerer om aktivitetar på terminologifeltet i Noreg og Norden. Språkrådet tilbyr også vegvisarar i terminologiarbeid, læremiddel i terminologi, termlister og annan informasjon på våre eigne nettsider.

Språkrådet har halde fram det nære samarbeidet med Finans Norge for å styrkja språkrådgjevinga vår overfor det private næringslivet. Språkrådet har gjeve råd om arbeidsmåtar og organisering av språkarbeid basert på klarspråksmodellen og terminologiarbeid. Modellen for klart språk i næringslivet, som blei utvikla saman med Finans Norge, blei presentert på eit frukostmøte for Kommunikasjonsforeningen sine medlemmer i det private næringslivet. Slik har me fått spreidd arbeidsmetoden i privat sektor.

Språkrådet har i tråd med tildelingsbrevet for 2017 arbeidd med to særleg prioriterte område under hovudmål A: å styrkja norsk i høgare utdanning og å sikra god tilgang til norskspråklege teknologiprodukt.

## Resultatmål 1: Auka bruk av norsk språk ved sida av engelsk i undervisning, formidling og administrasjon ved norske FoU-institusjonar

For å styrkja norsk språk i høgare utdanning sette Språkrådet i 2015 i gang eit parallellspråkprosjekt i universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) etter initiativ frå Kulturdepartementet. Føremålet med prosjektet er auka medvit om språkval i UH-sektoren. Det skal utviklast ein såkalla mønsterpraksismodell for parallell bruk av norsk og engelsk, slik at institusjonane i sektoren kan ta gode avgjerder når dei skal velja pensum- og undervisningsspråk, administrasjonsspråk og språk til bruk i kommunikasjonen med samfunnet. Noregs handelshøgskole (NHH) gjekk hausten 2015 inn som partnaren vår, og dette samarbeidet har hatt høg prioritet til det blei avslutta i mai/juni 2017. Arbeidet med resultatmål 1 har halde fram i Språkrådet etter det.

Hausten 2016 kartla Språkrådet språkbruken ved NHH og språkbehova i det tilknytte næringslivet gjennom spørsmål til tidlegare studentar og eit utval arbeidsgjevarar. Eit utval tilsette ved NHH arbeidde fram ein mønsterpraksismodell for institusjonen på grunnlag av kartlegginga og eigne røynsler. Arbeidet blei presentert for styret ved NHH og ved fleire interne forum, og fekk blest i interne mediekanalane. Arbeidet skapte større medvit om språkbruken ved NHH i ulike kommunikasjonssituasjonar og gjorde at fleire fekk syn for at næringslivet og arbeidsmarknaden elles treng kandidatar som meistrar både norsk og engelsk.

Arbeidet på NHH har gjeve Språkrådet meir innsyn i språktilhøva ved dei høgare utdanningsinstitusjonane i Noreg. Saman med litteratur om parallellspråkbruk er røynslene frå arbeidet blitt brukt til å utforma ein meir generell mønsterpraksismodell som legg til rette for at alle institusjonane i sektoren betre kan følgja opp § 1-7 i universitets- og høgskulelova, som gjev institusjonane ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Den generelle mønsterpraksismodellen skal utviklast vidare og leggast fram for leiinga ved universitet og høgskular våren 2018. Modellen skal visa veg til gode språkval og syna korleis ein kan ta vare på og vidareutvikla norsk fagspråk.

Språknemndene i Norden og parallellspråkgruppa til Nordisk Ministerråd har vist stor interesse for prosjektet. Då parallellspråkgruppa la fram resultatet av arbeidet sitt på ein konferanse i mai 2017, var Språkrådet med og presenterte samarbeidet NHH. Konferansen hadde deltakarar frå UH-sektoren i dei andre nordiske landa, og mønsterpraksismodellen kan vera eit godt utgangspunkt for vidare nordisk samarbeid om parallellspråklegheit i og med at utfordringane i sektoren ikkje er særnorske. Aktiviteten på dette området står godt opp om det langsiktige målet å utvikla og styrkja norsk som samfunnsberande språk i akademia.

Språkrådet har i 2017 òg sett i gang undersøkingar av norsk fagspråk med sikte på å finna ut meir om kvar det blir til og kven som treng det, og om studentane er språkleg rusta for det norske arbeidslivet. Analysane blir klare i 2018. Målet er å få betre kunnskapsgrunnlag for arbeidet på feltet og å stimulera sektoren til sjølv å styrkja forskinga på fagspråk.

Utvikling og registrering av fagterminologi er viktig for å styrkja norsk fagspråk i UH-sektoren. I 2017 er eitt parallellspråkleg terminologiprojekt i sektoren blitt vidareført (kjemi), fire er blitt oppretta (klima, astronomi, matematikk og celle- og molekylærbiologi), og to er blitt avslutta (kognitiv lingvistikk og kjønnsforskning). Mesteparten av pensum i desse faga er på engelsk. Som eit resultat av prosjekta kan studentane slå opp på engelske termar frå lærebøkene i termbasen og finna dei norske termene med definisjon. Studentane er nå betre rusta til å nytta norsk fagspråk og formidla fagkunnskap på norsk i arbeidslivet etter fullførte studium. Dessutan kan forskarar som driv med undervisning og formidling, nytta resultatet frå prosjekta til å finna norske termar og gode forklaringar på dei.

Vidareføring av termprosjektet i kjemi har resultert i 815 termopostar baserte på pensumlitteraturen for bachelorstudentar i faget. Det vil seia at målgruppa nå kan slå opp på nesten alle engelske fagtermar som dei møter det første året i faget, og finna norske ekvivalentar i tillegg til gode definisjonar. Me kan måla brukaroppslag på kvar termopost, og det syner seg at t.d. «absolutt nullpunkt» har hatt 29 400 treff sidan 2014. Dette indikerer at termbasen blir mykje nytta og har den ønskete effekten.

Prosjektet i klimaterminologi er eit samarbeid mellom UH-sektoren og Miljødirektoratet. I 2017 blei det oppretta 139 nye termopostar. Prosjektet har medverka til å avklara norske fagtermar der det har rådd forvirring (t.d. «klimapådriv» og «indirekte klimaindikator»), og arbeidet har fått merksemd i media. Det syner at termprosjektet òg har nedslagsfelt utanfor UH-sektoren. Prosjektet i astronomi har resultert i 53 nye termopostar i 2017, og prosjektet i celle- og molekylærbiologi, som er eit samarbeid mellom UH-sektoren og Bioteknologirådet, har produsert 106 termopostar i 2017. Språkrådet har støtta eit termprosjekt i matematikk ved NTNU, som i 2017 oppretta 890 termopostar.

I 2017 blei to termprosjekt avslutta. Det toårige termprosjektet i kognitiv lingvistik har i prosjektperioden produsert 113 termopostar. Mange av dei engelskspråklege termene mangla ein norsk ekvivalent. Etter dette prosjektet kan studentar, undervisarar og forskarar i denne greina av lingvistikken skriva om og formidla faget sitt på norsk lettare enn før. Termprosjektet i kjønnsforskning blei òg fullført i 2017, og det resulterte i 42 termopostar. Her blei det arbeidd mykje med omgrepsavklaringar, som vil letta undervising og formidling av faget til studentar og ålmenta. Ressursane har såleis fått både auka merksemd og fleire brukarar.

## Resultatmål 2: Offentlege og private verksemder i Noreg har auka tilgang til, og tek i større grad i bruk teknologiske språkressursar på norsk

Språkrådet har eit nært samarbeid med Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket om tilgjengeleggjering av språklege grunnressursar for utvikling av norskspråklege IKT-verktøy. Prioriterte oppgåver har vore å tilgjengeleggjera eit stort nynorsk-korpus, å etablera eit parallellkorpus mellom nynorsk og bokmål og å tilgjengeleggjera taledata til bruk i talegjenkjenning.

I 2017 har Språkrådet saman med Universitetet i Bergen gjort Norsk ordbank ope tilgjengeleg for bruk i Språkbanken. Språkrådet har òg stått for reforhandlingar av opphavsrettane til tekstane som korpuset bak Norsk Ordbok byggjer på, med sikte på å gjera korpuset tilgjengeleg i Språkbanken. Dei fleste rettane er nå gjevne, men nokre sentrale tekstleverandørar er framleis i dialog med Språkrådet om avklaring av rettane. Max Manus har i 2017 levert talegjenkjenningsprogrammet Tuva. Tuva er utvikla for å forstå norsk, både standardspråk og dialektar. Dei taledataa som er samla inn i samband med utviklinga av Tuva, er gjevne til Språkbanken, som arbeider med å gjera dei tilgjengelege for gjenbruk.

Språkrådet arbeider med å gjera Språkbanken betre kjend for potensielle utviklarar. Mellom anna har me kontakt med Microsoft og IBM for å formidla dei språklege grunnressursane i Språkbanken, slik at dei kan medverka til at digitale verktøy blir tilgjengelege i norskspråklege versjonar.

For Språkrådet er høg aktivitet på språkteknologifeltet og målretta tiltak for å sikra tilgjenge til norskspråklege digitale grunnlagsressursar avgjerande for at me skal kunna nå dei langsiktige språkpolitiske måla, for at me skal kunna sikra gode og effektive digitale tenester i offentleg sektor og for me skal kunna sikra at brukarane får dei språklege rettane sine oppfylte i møtet med språkteknologiske verktøy og produkt. Difor har språk og IKT vore eit høgt prioritert arbeidsfelt for Språkrådet i 2017.

Ei liste med 58 språkteknologiske termar er lagd inn i Språkrådets termwiki.

## Hovudmål B: Å fremja norsk som eit godt og velfungerande kultur- og bruksspråk

### Resultatmål 3: Auka kunnskap om språkpolitiske omsyn i språkopplæringa i skulen

Eit viktig tiltak på skulefeltet har vore undersøkinga «Nynorskundervisninga i grunnskulen», som blei gjennomført av Kantar TNS på oppdrag frå Språkrådet. Undersøkinga var retta mot norsklærarar som underviser i nynorsk (som hovudmål eller sidemål). Føremålet med undersøkinga har vore å kartleggja korleis lærarar opplever nynorskundervisninga, slik at vi kan tilføra fersk kunnskap i samband med læreplanrevisjonane. Til utforming av spørsmåla har Språkrådet fått nyttige innspel frå fagrådet for skule og offentleg forvaltning. Resultata av undersøkinga kjem i 2018.

Språkrådet har drive arbeidet for språkpolitiske omsyn vidare gjennom deltaking i nettverk og høyringsvar til den pågåande revisjonen av læreplanane. Språkrådet og Utdanningsdirektoratet har jamleg kontakt, og på

oppdrag frå direktoratet har Språkrådet gjeve ei særskild tilbakemelding om utkast til kjerneelement for norsk, teiknspråk og norsk for høyrsllehemma. I tilbakemeldingane har Språkrådet gjeve innspel om språkpolitikk, språklege rettar og meir allmenn språkopplæring.

På nettstaden har me i 2017 oppdatert skulesidene, gjort dei meir brukarvennelege, og komprimert innhaldet. Det nettbaserte øvingsrommet vårt i nynorsk er framleis mykje brukt i skulen, og hadde fleire brukarar i 2017 enn i 2016. Desse tiltaka og framgangen vil venteleg føra til betre kunnskap om normert nynorsk.

Omvisingane i skuleutstillinga på Bymuseet, som blei omtalt i årsrapporten for 2016, har halde fram. Til saman besøkte 33 klassar utstillinga i lag med Språkrådet i 2017.

### Resultatmål 4: Styrkt kunnskap i samfunnet om rettskrivingsnormer og god og korrekt språkbruk

Normeringsarbeidet i Språkrådet blei synleggjort i media på nyåret i 2017, då det blei teke inn i programmet til Høgre eit punkt om å vurdere «om språknormeringen for bokmål og nynorsk skal flyttes ut av Språkrådet». Både styreleiaren og direktøren tok del i det offentlege ordsiftet i VG, Aftenposten, Dagbladet og Klassekampen. Me peika på dei politiske føringane for normeringa, og at det vil vera uheldig å gjera rettskriving til eit politisk stridsspørsmål att.

Me formidlar kunnskap om rettskrivingsformer og god og korrekt språkbruk gjennom standardordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, gjennom formidling på nettsidene våre og i dei sosiale media, og gjennom direkte kontakt med publikum. Bruken av desse språkressursane auka monaleg i 2017, slik at normkunnskapen dei gjev, har vore tilgjengeleg for fleire enn nokon gong før.

Samarbeidet med Universitetet i Bergen (UiB) om *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* blei for alvor etablert i 2016, og i 2017 blei fleire viktige prosjekt gjennomførte og planlagde. Nettordbøkene har fått responsivt design, som gjer at dei tilpassar seg ulike typar skjermar. Hausten 2017 lanserte me saman med UiB ein

mobilapp av ordbøkene («Ordbøkene») for både Android- og Apple-telefonar, som er blitt særst godt mottatt. Appen blei lasta ned til 28 456 telefonar i løpet av dei siste månadene i 2017. Språkrådet har framleis leiarskapen i arbeidsutvalet for ordbøkene og Norsk ordbank. Eit anna viktig arbeid har vore å planleggja eit større revisjonsprosjekt for ordbøkene. Ei prosjektskisse for dette blei sendt til Kulturdepartementet som vedlegg til søknaden om budsjettmidlar for 2018. Ein fast tilsett ordbokredaktør er på plass ved UiB, og det er alt sett i gang noko redigeringsarbeid. Ordbøkene er jamleg blitt oppdaterte etter nye normeringsvedtak. I 2018 blir ordbokrevisjonen det viktigaste prosjektet for å formidla normkunnskapen.

Me har halde fram arbeidet med å utvikla språkhjelpsidene og basen vår med redigerte spørsmål og svar. Språkhjelpsidene er framleis dei mest brukte ressursane på nettstaden vår, og i 2017 var det 835 247 visingar. Bruken av svarbasen auka mykje, frå 503 708 unike visingar i 2016 til 829 412 i 2017. I tillegg er nettspalta «Aktuelt ord» blitt lesen 173 701 gonger. I denne spalta blir eit nytt rettskrivingstema teke opp kvar veke, og innhaldet blir spreidd gjennom dei sosiale media.

I 2017 svara me på 4477 spørsmål om språkbruk på e-post, 1290 på telefon og 798 i sosiale medium. Det er ein auke frå fjoråret innanfor alle kategoriar, og for første gong på ti år er det ein auke i telefonspørsmål. Trass i den kraftige auken i bruk av nettressursane er det altså ikkje blitt færre direkte førespurnader. I 2018 vil me difor som hovudregel ikkje svara på telefonspørsmål.

Språkrådet har aldri før nådd så mange gjennom språkrådgevinga, og me når langt fleire gjennom svarbasen og nettsidene elles enn gjennom direkte rådgeving. Denne framgangen er oppnådd utan at fleire rådgjevarar er involverte i arbeidet. Me vil i 2018 halda fram med å prioritera utviklinga av nettsideressursane og legg til grunn at ei lett tilgjengeleg digital teneste med gjenbruk av svar fører til at fleire språkbrukarar får den kunnskapen dei har bruk for, om godt og korrekt språk.

## Resultatmål 5: Eit betre og klårare forvaltningspråk

### Mållovsarbeid

Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan og gjev rettleiing i saker som gjeld mållova. Me hentar kvart år inn målvekslingsdata frå sentrale statsorgan og departement og kontrollerer tala organa melder inn til oss. Resultata frå målbruksrapporteringa blir publiserte i ein årleg rapport med statistisk oversyn.

Språkrådet gjev individuell tilbakemelding til alle statsorgan og departement og informerer då om reglane som gjeld. Tilbakemeldinga etter mållovsrapporteringa gjev høve til å visa veg i det vidare arbeidet for kvar etat og er eit godt utgangspunkt for jamn oppfølging gjennom året. Mange organ blir bedne om å senda Språkrådet ein målbruksplan, og me følgjer med på gjennomføringa av planen. Me løfter òg fram føredøme frå verksemdar som har gode rutinar for målveksling, slik at statsorgan kan læra av kvarandre.

Stadig meir informasjon frå staten er digital, og sosiale medium er blitt ein viktig kanal for kommunikasjonen mellom folk og stat. Staten bruker jamt over meir nynorsk i sosiale medium enn for nokre år sidan. Det er grunn til å tru at det systematiske tilsynsarbeidet Språkrådet gjer, er viktig for å halda nynorskprosenten oppe i statlege tekstar. For å skyva målvekslingsarbeidet i rett lei har me kontakt med overordna departement i sektorar der me ser at fleire organ slit med å oppfylla lovkrava. Press ovanfrå og god forankring i leiinga gjev betre resultat og meir jamstilling mellom målformene i forvaltninga.

På oppdrag frå Kulturdepartementet samarbeider Språkrådet og Nasjonalbiblioteket om ei modernisering og forenkling av rapporteringsmetoden for målbruksdata. Me veit at ei digital løysing vil vera velkomen i

statsforvaltninga. I 2017 arbeidde me difor for å utvikla ein pilot for digital innsamling og analyse av målbruksdata som me vil prøva ut i 2018.

Språkrådet mottok i alt 60 førespurnader om brot på mållova i 2017. Me har grunn til å tru at dei aller fleste brot på mållova ikkje blir rapporterte. I lys av dette er talet på klagesaker er lågt og kan variera rett mykje frå år til år. Me trur likevel ikkje det reelle talet på brot varierer i like høg grad, men at det snarare er talet på dei som vel å klaga som viser seg. Dei siste åra har ein stor del av klagesakene gjeldt manglande eksamen på nynorsk, og Norsk Målungdom har vidareformidla dei fleste av desse sakene. 35 av dei 60 klagesakene i 2017 gjaldt eksamen i feil målform.

### E-læringskurs i nynorsk

For å nå breiare ut med nynorskkurs for tilsette i offentleg forvaltning laga Språkrådet i 2017 e-læringskurset «Oi, på nynorsk!». Kurset er ein del av satsinga på ein-til-mange-rådgeving.

E-læringskurset blei utvikla av Språkrådet og Mediafarm AS, medan Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) var med og finansierte prosjektet som ein del av satsinga «På nett med læring». Kurset ligg på læringsplattforma til Difi ([www.læringsplattforma.difi.no](http://www.læringsplattforma.difi.no)) og er gratis å bruka for alle.

Språkrådet arbeider med å utvikla betre ressursar for statstilsette og andre offentleg tilsette som skal skriva nynorsk på arbeid. E-læringskurset er ein viktig lekk i dette arbeidet. Det er utvikla i nært samarbeid med skrivande byråkratar i målgruppa, noko som er ein viktig grunn til suksessen. Behovet var klart: eit lågterskeltilbod som er relevant, nyttig og praktisk retta.

Kurset har fått svært god mottaking. Frå lanseringa 1. juni 2017 og til årsskiftet har kurset hatt 1203 unike brukarar. Det er langt fleire enn me kan nå gjennom tradisjonelle klasseromskurs.

### Klasseromskurs i nynorsk

No som Språkrådets e-læringskurs i nynorsk er lansert, set me som krav at ein tar e-læringskurset før ein kan få klasseromskurs eller omfattande individuell rettleiing i nynorsk. Det er framleis stor etterspurnad etter klasseromskurs i nynorsk, både frå statsorgan og einskildpersonar som arbeider i den offentlege forvaltninga. Til skilnad frå e-læringskurset må deltakarane på klasseromskursa skriva eigne arbeidsrelevante tekstar før og etter kurset, og dei får individuell tilbakemelding på desse tekstane.

I 2017 har Språkrådet halde 14 klasseromskurs. Målet er at deltakarane skal skriva meir og betre nynorsk, og eit av dei venta resultata er betre målveksling i staten.

### Klarspråk

I 2016 tok Språkrådet i bruk ein ny type klarspråkkurs som er meir forpliktande for deltakarane enn tidlegare kurs har vore. Kursa blir tildelte etter søknad.

Me set nå desse krava til statsorgana:

- Kurset skal vera del av eit større klarspråksarbeid i statsorganet.
- Klarspråksarbeidet skal ha stønad i leiinga.
- Deltakarane skal ha tatt nettkurset Den gylne pennen og arbeidd med aktuelle tekstar på kurset.

Språkrådet ser gode resultat av den nye måten å driva kursveksemda på:

- Dei som får kurs av Språkrådet, er engasjerte og kvalifiserte og vil følgja opp kurset.
- Fleire tar nettkurset «Den gylne pennen». Dette er eit godt døme på vellukka ein-til-mange-rådgeving om grunnleggjande klarspråksteknikkar.
- Aktuelle tekstar blir forbetra og tatt i bruk.

17 statsorgan søkte om den nye typen kurs i 2017, og 7 søknader blei stetta. Ei evaluering syner at ordninga fungerer slik ho skal, og me har lyst ut nye kurs for 2018. Det kjem inn mange sterke søknader, noko som tyder på ei positiv klarspråksutvikling.

### Helsespråk

I 2017 har Språkrådet hatt ei særskild satsing på helsespråket, etter å ha fått mange førespurnader frå instansar i Helse-Noreg i 2016. Denne sektoren har ikkje vore særleg aktiv på klarspråksområdet tidlegare. Språkrådet har prioritert sentrale tiltak som kan hjelpa mange. Gjennom kurs, konferanseinnlegg og publisering av artiklar har me auka språkmedvitet hjå folk i sektoren. Me har arbeidd for betre språk i sentrale tekstar med å gje råd om godt språk i fellesløyisingar, til dømes felles nettløyising for spesialisthelsetenesta. Ved å laga digitalt tilgjengelege verktøy og rettleiingar har me gjort det lettare for alle skrivande i sektoren å skriva godt, sjå <http://www.sprakradet.no/Klarsprak/helsesprak>.

### Klarspråksprisen

Språkrådet er sekretariat for klarspråksprisane. Nominasjonane har auka jamt dei siste åra, og både talet på kandidatar og nivået til dei nominerte er ein indikasjon på merksemd om prisane og om klarspråk generelt.

### Internasjonalt klarspråksarbeid

For å auka kunnskapsnivået og styrkja norsk klarspråksarbeid deltar Språkrådet i internasjonalt klarspråksarbeid og fremjar norsk klarspråksarbeid på internasjonale klarspråkskonferansar. I 2017 har me halde to presentasjonar på den internasjonale klarspråkskonferansen PLAIN, og me har sete i styret i PLAIN Language Association International (<http://plainlanguagenetwork.org>).

Eit resultat av dette arbeidet er at norsk klarspråksarbeid har eit svært godt omdøme internasjonalt, og at Språkrådet og Difi i 2017 vann konkurransen om å få skipa til den internasjonale klarspråkskonferansen PLAIN i 2019.

### Lovspråk

Dei siste åra har me merka større interesse for språket i lover og forskrifter. Fleire lovutval har nå eit punkt om språk i mandatet. Språkrådet får stadig fleire førespurnader om hjelp med å kvalitetssikra språket i lov- og forskriftstekstar og har valt å prioritera slikt arbeid. I 2017 har me mellom anna arbeidd med språket i ny adopsjonslov, ny tryggingslov og ny kommunelov, og me har kvalitetssikra endringar i fagskolelova, barnehagelova og tilbakebetalingsforskrifta. Språkrådet har dessutan halde innlegg om klart lovspråk i fleire departement, levert høyringsfråsegner om språket i straffeprosesslova og finansavtalelova og inngått avtale med Difi om eit samarbeid om såkalla «lovspråkspakkar» til departementa.

Det kortsiktige målet med arbeidet vårt er at dei utvalde lovene skal få betre struktur og klarare språk. Det langsiktige målet er at det tverrfaglege arbeidet med desse lovene skal bli føredøme (mønsterpraksis) for arbeid med viktige lover i framtida.

Me ser at det systematiske arbeidet Språkrådet gjer med språk i lovtekstar, gjev gode resultat. Desse viser seg både gjennom at lovtekstane har fått god språkleg kvalitet, og at dei departementa og lovutvala som har fått hjelp av oss i lovarbeidet, blir meir språkleg medvitne. Språkrådet har utvikla ei arbeidsform som vil komma heile forvaltninga til gode, og som det vil vera viktig å dela. Me ser også ei aukande interesse for språket i lover og forskrifter, og me ser at klart språk får plass i mandatet til stadig fleire utval som skal skriva nye eller revidera eksisterande lover som gjeld mange innbyggjarar.

### Statstilskot til språkorganisasjonar og språktiltak

Språkrådet har frå og med 2017 fått ansvar for forvaltninga av statstilskot til språkorganisasjonar og andre språktiltak på kap. 326, post 73 på Kulturdepartementets budsjett. Det vil seia at Språkrådet forvaltar tilskota og handsamar rapportar og søknader, medan Stortinget fastset fordelinga av midlane på posten.

Oversikt over kap. 326, post 73 i 2017:

Tilskotsmottakar	Tilskot i 2017
Landsamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)	300 000*
Noregs Mållag	4 268 000
Nynorsk pressekontor	5 903 000
Stiftinga Nynorsk avissenter	2 774 000
Det Norske Akademi for Språk og Litteratur	112 000
Riksmålsforbundet	1 536 000
Kvensk institutt	5 619 000
Ruijan Kaiku	1 176 000
Årets nynorskkommune	100 000
Innsamling av stadnamn (tilskotsordning)	800 00

\*LNK fekk eit samla statleg driftstilskot på 1,5 mill. kroner i 2017, men 1,2 mill. av dette kom frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter ein avtale i Stortinget i samband med kommunereforma.

## Hovudmål C: Å tryggja det språklege mangfaldet og interessene til språkbrukarane

### Resultatmål 6: Styrkt nordisk språksamarbeid

Også i 2017 har Språkrådet samarbeidd med dei andre nordiske språknemndene gjennom Nettverket for språknemndene i Norden. For første gong har nettverket hatt eit utvida samarbeidsmøte i staden for det nordiske språkmøtet, som heretter berre skal haldast annakvart år. På samarbeidsmøtet i Århus møttest representantar for svartenestene i dei nordiske språknemndene for å utveksla røynsler frå svararbeidet, særleg om bruk av sosiale medium. Om lag 30 personar var med på arbeidsseminaret. Som følgje av dette



seminaret får publikum i dei nordiske landa venteleg betre svartenester. Språkrådet har formannskapet i nettverket frå september 2017 og eitt år framover.

Språknemndene i Danmark, Island, Noreg og Sverige har samarbeidd med terminologiorganisasjonane DANTERMcentret (Danmark), TNC (Sverige) og TSK (Finland) i eit prosjekt som har munna ut i ein nordisk termbase med fagomgrep frå utdanning og arbeidsliv. Språkrådet har leidd prosjektet, og det har fått stønad frå Nordplus-programmet «Nordiske språk». I fjor blei prosjektet formelt avslutta, og det har resultert i 1640 termpostar fordelte på åtte nordiske språk/målformer. Termprosjektet er til nytte for elevar, studentar og andre som skal studera, arbeida eller bu i eit anna nordisk land. Dei kan slå opp på vanskelege fagtermar på eit anna nordisk språk og få dei forklart på morsmålet. Termprosjektet medverkar såleis til auka nabospråkforståing og auka mobilitet, særleg for studentar, mellom dei nordiske landa. Samarbeidet mellom nordiske terminologiorganisasjonar og språkråd er blitt styrkt.

Språkrådet representerer Noreg i det nordiske samarbeidsforumet for terminologi, Nordterm. Annakvart år blir det halde ein Nordterm-konferanse. Ansvarer går på rundgang mellom dei nordiska landa, og i 2017 var Noreg og Språkrådet vertskap. Konferansen blei halden på Kongsberg i juni med temaet «Hvem er brukerne av terminologiske ressurser – og hvordan når vi ut til dem». I samband med konferansen blei det halde eit kurs i grunnleggjande terminologiarbeid og eit arbeidsseminar om automatisk innhausting av termar. Konferansen samla kring 80 deltakarar frå alle dei nordiske landa, inkludert Grønland og det samiske språkområdet. Konferansen blei for første gong tolka til norsk, dansk og svensk teiknspråk. Blant dei norske deltakarane var det fleire frå nye mål- og brukargrupper, og konferansen medverka dermed til å synleggjere terminologiarbeidet i nye miljø.

Tidsskriftet Språk i Norden, som blir gjeve ut av dei nordiske språknemndene, hadde i 2017 temaet «språkforståing i mangespråklege samfunn i Norden». Her blir nordiske integreringsperspektiv tematiserte.

## Resultatmål 7: Norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes er styrkte og synleggjorde

### Norsk teiknspråk

Språkrådet er ein tydeleg aktør i arbeidet med å styrkja norsk teiknspråk og gjera det synleg i samfunnet. Me har kontakt og samarbeid med ei rekkje organisasjonar og institusjonar som arbeider med teiknspråk.

Me fekk i 2017 eit tettare samarbeid med Høgskolen i Oslo og Akershus om fleire prosjekt som kan styrkja norsk teiknspråk. Saman arrangerte me ein konferanse i januar, og me har støtta skissa til «Tegnspråkløftet», som høgskulen (no universitetet) vil prioritera som eit forskings- og utdanningsområde.

Det blei utarbeidd mange teiknspråktermar i 2017. Det blei lagt vekt på behova til dei døve, og teikn knytte til aktuelle og viktige samfunnsområde blei prioriterte. Teiknspråk er blitt meir synleg òg på nettsidene til Språkrådet, der det nå står fleire tekstar med spørsmål og svar om teiknspråk og fleire artiklar som er viste på teiknspråk.

Liturgi-prosjektet i døvekyrkja i Oslo, som me har deltatt i, blei fullført i 2017. Språkrådet arrangerte ein teiknspråkkafé (nettverksmøte) med paneldebatt i Tromsø, i fulle lokale.

Hovudutfordringane for norsk teiknspråk er omtalte i *Språkstatus 2017*. Ei av dei viktigaste utfordringane gjeld tilgangen til språkmiljø og språkbruksarenaer, og Språkrådet må halda fram med å peika på kor viktig dette er. Me vil i 2018 arbeida med ein handlingsplan for teiknspråk. Hausten 2017 heldt me ein innspelskonferanse med sikte på utarbeiding av ein handlingsplan. Dei fleste organisasjonane og institusjonane som arbeider med teiknspråk, deltok der.

## Kvensk, romani og romanes

Språkrådets kvenske språkpris blei utdelt for første gong i 2017. Prisen gjekk til Eira Söderholm og Agnes Eriksen, som på kvar sine område har arbeidd for å ta vare på, utvikla og fremja det kvenske språket. Språkprisen fekk omtale i ei rekkje aviser og i NRK. Målet med prisen er å styrkja og synleggjera kvensk språk.

Ein handlingsplan for kvensk har vore i emning i fleire år hos Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og Språkrådet har deltatt i dette arbeidet i fleire omgangar. Arbeidet med kvenske stadnamn er framleis ein sær viktig del av dokumentasjonen, standardiseringa og formidlinga av kvensk. Språkrådet arbeider med eit filmprosjekt om stadnamn, som skal kunna brukast i skulen og av alle andre som er interesserte i kvenske/norskfinske forhold. Arbeidet for kvensk har òg fått merksemd i Finland, mellom anna med dagsrevyinnslag i YLE med Språkrådets stadnamnrådgjever.

Språkrådet samarbeider nå nærare med Utdanningsdirektoratet, mellom anna om arbeidet med nye læreplanar. I 2017 arrangerte me to språkkafear som i tillegg til å vera ein språkleg møtestad for kvenane blei nytta til å dokumentera kvensk gjennom innsamling av kvenske ord.

Arbeidet med minoritetsspråklege spørsmål elles har gått mykje ut på synleggjering av og kontakt med språkbrukarane. Språkrådet svarar kvart år på ein del førespurnader om dei nasjonale minoritetane og nasjonale minoritetsspråk.

*Språkstatus 2017* har vore eit viktig arbeid for å visa fram stoda og utfordringane for dei ulike nasjonale minoritetane og språka deira.

Ei mogleg språklov vil vera viktig for arbeidet med både norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes, særleg for dei to sistnemnde, som ennå ikkje er forankra i noka norsk lov.

## Andre faste oppgåver

Språkrådet har i 2017 kartlagt kva språk barn og unge møter gjennom mediebruken sin. Kartlegginga femner òg om tradisjonelle mediekanelar, men det er lagt særleg vekt på nye medium og endringane i medielandskapet, for mediebruken er i endring både når det gjeld utstyr og tidsbruk. Det er viktig for Språkrådet å følgja med på denne utviklinga for å kunna sikra dei språkpolitiske måla om eit godt og utbygd norskspråkleg medietilbod. Kartlegginga viste at det norskspråklege tilbodet er særleg magert i nye mediekanelar som dataspel og YouTube, òg for dei yngste barna. Som kjent bruker barn meir og meir tid på desse kanalane, så her er det avdekt eit nytt område der norsk språk er svært utsett. Kartlegginga har gjeve ny kunnskap om eit felt som er i rask utvikling. Ho vil tena som grunnlag for det vidare strategiske arbeidet for å styrkja det norskspråklege kultur- og medietilbodet, særleg det tilbodet som rettar seg mot barn.

Språkrådet har eit nært samarbeid med Norsk audiovisuell oversetterforening (Navio) for å sikra god kvalitet i tv-tekstinga. I 2017 var me etter initiativ frå Navio med på å utarbeida retningsliner for god teksting saman med representantar frå heile tekststarbransjen – tekststarar, tekstebyrå og tv-kanalar. Retningslinene inneheld mellom anna krav til språk og innhald. Dei språklege krava gjeld rett bruk av grammatikk, rettskriving og andre skrivereglar. Innhaldskravet dreier seg om omsetjing, fagspråk og faktasjekk. Føremålet med arbeidet er å vise tv-kanalar og tekstebyrå kva eit norsk publikum ventar av teksten på skjermen, og å få dei til å følgja retningslinene.

## Kåring av Årets nynorskkommune

Språkrådet har frå 2016 hatt som oppgåve å driva arbeidet med tildeling av prisen Årets nynorskkommune på vegner av Kulturdepartementet. I desember 2017 gjekk prisen til Sveio kommune.

## Kommunikasjon

### Sentrale tal

#### Faste publikasjonar

Språknytt og Statsspråk er abonnementspublikasjonar frå Språkrådet. Dei kjem ut fire gonger i året, både på papir og i elektronisk form, og er gratis. Dei blir òg lagde ut på Språkrådets nettsider og blir delte på sosiale medium.

**Språknytt** er Språkrådets blad for alle språkinteresserte. Tidsskriftet tek temperaturen på språksituasjonen i Noreg og set ord på alt frå samfunnsansvar og engelskpress til kva som er rett språk, og kva ord tyder. Opplaget er 10 800, og bladet har 36 sider.

#### Språknytt inneheld

- intervju med mediefolk, forfattarar, forskarar og andre språkentusiastar som har meiningar om rolla til språket i samfunnet
- aktuelle saker om det som rører seg i språkverda generelt og på Språkrådets prioriterte arbeidsfelt spesielt
- bakgrunnsstoff om alt som har med norsk språk å gjera
- faste spalter med mellom anna nyord, avløyсарord og svar på lesarspørsmål

#### Dei viktigaste temaa i 2017 var:

- nordisk nabospråkforståing, svensk språkrøkt, metaforar, klimaord, medieord
- innvandrarar som lærer seg nynorsk, språkdilemma i høgare utdanning, standardar på norsk, grammatisk kjønn
- stoda for nynorsken på Strilelandet, forfattar Jon Fosse, rolla til religionen i norsk språkhistorie
- 1917-rettskrivinga 100 år (intervju med fleire språkforskarar), svenske ord i norsk, nye norske kommunenamn

**Statsspråk** er Språkrådets fagblad for godt språk i staten. Statsspråk er eit verktøy som hjelper Språkrådet å formidla råd og informasjon om godt språk. Hovudmålgruppa er tilsette i offentleg forvaltning. Opplaget er 15 000, og bladet har fire sider.

Statsspråk skal mellom anna inspirera til medvit om godt språk, gje konkrete og matnyttige språkråd som er spesielt relevante for tilsette i staten, og gje råd til arbeidet med nynorsk i forvaltninga.

#### Dei viktigaste temaa i 2017 var:

- klårare helsespråk
- Nasjonalbiblioteket, som er blitt eit språkleg føredøme
- norsk klarspråksarbeid, som er i verdensklasse
- fagspråk og Miljødirektoratets arbeid for klimaterminologi på norsk

## Nettstaden [språkrådet.no](http://www.spraakradet.no)

Målet med nettstaden er å hjelpe brukarar av norsk og andre språk som Språkrådet har ansvaret for, gjennom ei moderne, attraktiv, effektiv og tilgjengeleg nettløysing. Me skal synleggjera og inspirera til bruk av språka, vera til stades der brukarane er, kommunisera med brukarane og oppmoda til dialog om språk. Me skal driva aktiv oppfølging av den norske språkpolitikken, styrkja Språkrådets omdøme og eksponera den rolla Språkrådet har som samfunnsnyttig aktør.

I 2017 hadde [www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no) 3 286 289 unike sidevisingar (mot 2 846 018 i 2016). Den mest leste sida var «Språkhjelp/forkortingar» med 81 520 visingar. Seksjonen «Språkhjelp» er den som blir aller mest brukt. Den mest leste nyhendesaka i 2017 var «Bokmålsordboka og Nynorskordboka blir app» med 6 291 visingar. Artiklane i kategorien «Aktuelt ord» hadde 173 701 visingar (mot 172 121 i 2016). Svarbasen hadde 829 412 visingar (mot 440 723 i 2016).

## Sosiale medium

Språkrådet har meir enn 18 000 følgjarar på Facebook. Her deler me mellom anna nyhendesaker, Aktuelt ord og Språknytt-artiklar. Me svarer òg på språkspørsmål (507 i 2017, 365 i 2016). Språkrådet bruker litt ressurar på å få betre spreining av sakene våre i sosiale medium, og det ser me at doblar rekkjevidda sakene får. Både Aktuelt ord og Språknytt-artiklane er populære på denne flata.

Språkrådet har 13 500 følgjarar på Twitter. Her deler me mellom anna nyhendesaker, Aktuelt ord og Språknytt-artiklar. Me svarer òg på språkspørsmål (291 i 2017, mot 422 i 2016).

## Medieoppslag

I 2017 var det 2317 artiklar og reportasjar i media der Språkrådet blei intervjuet eller referert til, viser tal frå Retriever. Me fekk særleg mange spørsmål om nye namn på kommunar og fylke.

Språkrådet sende dessutan ut pressemeldingar og tilbød kronikkar. Språkrådet hadde 11 kronikkar på trykk i 2017, mellom anna i Dagens Næringsliv, Klassekampen, NRK Ytring, VG og Aftenposten.

## Særlege tiltak: formidling av *Språkstatus 2017*

I september 2017 gav Språkrådet ut ein språkpolitisk tilstandsrapport som trekte opp dei store linene i utviklinga av norsk språk og skisserte dei største utfordringane på språkfeltet. I kommunikasjonsplanen for *Språkstatus 2017* tok me sikte på maksimalt gjennomslag gjennom å nå ut til så mange lesarar som mogleg.

Me publiserte tre saker i våre eigne kommunikasjonskanalar:

- «Norsk under sterkt press frå engelsk på mange samfunnsområde»
- «Språkrådet oppnevner ekspertutvalg»
- «Språk og media» (kronikk)

Me fekk god dekning av innhaldet i rapporten, særleg i NRK TV, i radio og på nett. I tillegg fekk me dekning av mange saker frå *Språkstatus 2017* i andre nasjonale, regionale og lokale medium.

Av andre større saker Språkrådet fekk spreidd i 2017, er «årets ord» særleg verd å nemna. Det er svært stor offentleg interesse for denne kåringa. Målet med tiltaket er å gjera språkbrukarane medvitne om utviklingstendensar og endringar i ordforrådet. I 2017 fekk «årets ord» svært god mediedekning.

## Fellesføring: effektivisering og digitalisering

Språkrådet har i 2017 arbeidd med digitalisering av tenester for å effektivisera organisasjonen og gjera språkrådgevinga betre og meir tilgjengeleg. Arbeidet er meir detaljert skildra i del IV av årsrapporten.

## Tidstjuvprosjektet

Mållovsrapportering og sakshandsamingstid for stadnamnsaker har stått på lista i det statlege tidstjuvprosjektet. Med den nye digitale rapporteringsordninga for innhausting av mållovsdata og ei omorganisering av stadnamntenesta i 2018 er det von om å få bukt med desse tidstjuvane.

## Del IV: Styring og kontroll i verksemda

### Overordna vurdering av styring og kontroll

Det er ikkje enkelt å utforma ein risikoanalyse som høver for Språkrådet og er relevant i mål- og resultatstyringsarbeidet. Arbeidet til Språkrådet er i stor mon sektorovergripande, og dei fleste tiltaka rådet set i verk, skal gjennomførast utanfor kultursektoren. Mange av dei viktigaste risikofaktorane for måloppnåinga i Språkrådets samfunnsoppdrag ligg utanfor Språkrådets kontroll. Å identifisera faktorar som Språkrådet sjølv kan påverka, står sentralt i arbeidet med å utforma realistiske mål for verksemda.

Dette er styringsdokumenta til Språkrådet:

- tildelingsbrev (med eventuelle tillegg)
- strategisk plan for perioden
- verksemds- og økonomiinstruks
- verksemdsplan for perioden
- Stortingsmelding 35 (2007–2008): *Mål og mening*

Språkrådet har ein eigen risiko- og sårbarheitsanalyse og har gjort mykje for å betra reiskapane våre i risikostyring.

Språkrådet har i 2017 gått saman med Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) og Nasjonalbiblioteket (NB) om tettare samdrift når det gjeld IKT og administrative oppgåver (økonomi, HR, arkiv) og bygningsdrift. Nasjonalbiblioteket har frå og med januar 2017 drifta IKT-systemet til Språkrådet. Frå årsskiftet 2017–18 skal det etter ei verksemdsendring mellom institusjonane opprettast ei felles administrativ driftseining ved NB. Språkrådet skal frå og med 2018 få levert økonomitenester frå dette fellestiltaket, og éi stilling er frå årsskiftet overført frå Språkrådet til den felles driftseininga. Verksemdsendringa blei forhandla fram mellom KUD og tilsettorganisasjonane i september 2017.

### Nærare omtale av tilhøve knytte til styring og kontroll

#### HMS og arbeidsmiljø

Språkrådet er omfatta av avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA), og me arbeider kontinuerleg for å oppfylle dei overordna måla i IA-avtalen om å sikra eit godt arbeidsmiljø, styrkja jobbnærværet, førebyggja og redusera sjukefråværet og hindra utstøyting og fråfall i arbeidslivet.

Sjukefråværet i 2017 var 5,3 prosent, mot 6,7 prosent i 2016.

Språkrådet har avtale om bedriftshelseteneste med Stamina HOT.

#### Tryggleik og beredskap

Gjennom avtale inngått av Kulturdepartementet leiger Språkrådet lokale av Entra Eiendom AS i Observatoriegata 1 B. Selskapet har ansvar for drift av bygningar, vedlikehald og inngangskontroll, og

gjennomfører fleire evakueringsøvingar i året. Det operative ansvaret forulukker utanfor arbeidsplassen vil oftast falla på helsestellet og politiet. Bedriftshelsetenesta kan bistå Språkrådet dersom det trengst krisepsykiatrisk hjelp.

Språkrådet har frå 2015 hatt avtale med Kulturrådet om beredskapslokale. Dersom lokala i Observatoriegata 1b ikkje kan nyttast (pga. brann, vassskade e.a.), vil Kulturrådet stilla lokale til rådvelde for leiargruppa i Språkrådet.

Avtalar med eksterne fritar ikkje Språkrådet frå å utvikla gode haldningar hos medarbeidarane og sikra god tryggleikskultur generelt og god forståing for IKT-tryggleik spesielt. Dette gjer Språkrådet mellom anna ved å leggja vekt på IKT-tryggleik i opplæringsprogram for nyttilsette medarbeidarar og syta for at oppdaterte IKT-retningsliner og -instruksar og rettleiing i bruk av IKT-verktøy er tilgjengeleg på intranettet.

## Program for styring og leing i staten

Språkrådet starta i 2016 eit treårig leiarutviklingsprogram i regi av verksemda Personal +, og me har hatt to samlingar i 2017. Sentrale tema har vore samspel og roller i leiargruppa, strategi og verdibasert leing. Språkrådets leing har dessutan i 2017 deltatt i aktivitet i programmet for styring og leing i staten og brukt verktøy frå programmet i utvikling av leiargruppa.

## Likestilling

I 2017 var kjønnsfordelinga i Språkrådet 55 prosent kvinnelege tilsette og 45 prosent mannlege tilsette. Det er ikkje nemnande lønsskilnader mellom kjønna. Det er to menn og fire kvinner i leiargruppa.

	Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (%)	57	43	67	33	55	45
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (%)	60	40	67	33	58	42
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (%)	43	57	0	0	43	57
Gjennomsnittsløn (i 1000 kr)	572	543	801	758	518	513

Språkrådet har medarbeidarar med nedsett funksjonsevne og har sett i verk tiltak som skal sikra god tilrettelegging. Ingen av medarbeidarane i Språkrådet har minoritetsbakgrunn.

## Ytre miljø

Verksemda påverkar i mindre grad det ytre miljøet. Språkrådet følgjer opp handlingsplanen for miljøleing. Dei overordna måla er god avfallssortering og -handtering, redusert energibruk, miljøvennleg transport og miljømedvitne innkjøp.

## Revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen

Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapane for 2015 og 2016.

## Effektiviseringstiltak

Tildelingsbrevet for 2017 inneheldt ei fellesføring om effektivisering av arbeidet til verksemdene. Språkrådet har gjennomført desse tiltaka:

### Prosjekt for automatisk innhausting av mållovsdata

Språkrådet har i samarbeid med Nasjonalbiblioteket i 2017 utarbeidd eit verktøy for digital innhausting av data til Språkrådet sitt arbeid med tilsyn etter mållova. Føremålet er å forenkla innrapporteringa av data for alle statlege verksemder som er underlagde denne lova. Verktøyet skal prøvast ut i 2018. Det er venta at alle statlege verksemder med rapporteringsplikt vil spare tid på innhausting av data og få betre tid til det konkrete språkarbeidet. Tiltaket gjeld andre verksemder enn Språkrådet, både store og små, så det er vanskeleg for oss å setja opp indikatorar for frigjorde timeverk. På lengre sikt kan det vera ønskjeleg med ei brukarundersøking for å vurdere effektiviseringsvinsten av tiltaket.

### E-læringskurs i nynorsk

Språkrådet driv eit omfattande rettleiingsarbeid retta mot både statlege verksemder, næringslivet og ålmenta. Eit område der me har sett behov for effektivisering, er kursverksemda. I 2017 utvikla og lanserte me eit e-læringskurs i nynorsk, som er tilgjengeleg på Difis læringsplattform. Målet med tiltaket er eit betre og meir tilgjengeleg tilbod for fleire brukarar og auka kunnskap om god, korrekt nynorsk. Tiltaket frigjer kapasitet til meir målretta rådgjeving og rettleiing for verksemder som treng det. Tiltaket har hatt god verknad alt i 2017, med mange brukarar av kurset.

### Vidareutvikling av innhaldet i Språkrådets svarbase

Språkrådet skal etter vedtektene i rimeleg omfang gje råd til ålmenta i språkspørsmål. Interesse for språk og etterspurnaden etter rådgjeving er stor. For å effektivisera arbeidet i rådgjevingstenesta er det produsert meir innhald til Språkrådets svarbase på nettet, slik at fleire brukarar kan få svar på spørsmåla sine med å søkja på nettsidene til Språkrådet sjølve. Den venta vinsten av tiltaket er at talet på spørsmål til rådgjevingstenesta på lengre sikt skal gå ned, eller i alle fall auka mindre enn det elles ville ha gjort, slik at det blir frigjort arbeidskapasitet til bruk på andre område. Bruken av svarbasen har auka med 65 prosent i 2017, og Språkrådet vurderer at effektiviseringstiltaka på dette våre har gjort det mogleg å rådgje fleire brukarar på ein tilfredsstillande måte.

### Auka tilgjenge til Språkrådet og UiB sine ordbøker gjennom mobilapplikasjon

I 2017 utvikla Språkrådet og UiB ein digital, nedlastbar ordbokapplikasjon til bruk på mobile einingar. Føremålet med tiltaket er å gjera informasjon om korrekt, normert norsk meir tilgjengeleg for alle brukarar. Applikasjonen er laga slik at innhaldet alltid er lett tilgjengeleg, det vil seia at brukaren kan søkja i ordbøkene utan å vera på nett. Språkrådet og UiB arbeider vidare med utvikling av funksjonaliteten i applikasjonen, slik at endå fleire skal kunna finna den rettskrivingsinformasjonen dei treng. Ein venta vinst på kort sikt er at alle



brukarar av norsk skal ha lett og gratis tilgjenge til den offisielle skriftspråksnorma, med den langsiktige verknaden at kunnskapen om normert norsk i ålmenta aukar.

### Samordning av fellestenester

Språkrådet har saman med Nasjonalbiblioteket og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek i 2017 etablert eit senter for felles administrative tenester (IKT, økonomi, HR). Føremålet er meir effektiv og betre kvalitetssikra administrativ drift av dei tre verksemdene. Tiltaket vil òg gje betre risikostyring.

### Eit integert system for tilskotshandtering

Språkrådet har i 2017 undersøkt om det er mogleg å etablera eit felles digitalt system for forvaltning av statstilskot. Mange verksemdar forvaltar slike tilskot, men det manglar digitale system for god og effektiv saksbehandling på området. Språkrådet er ei lita verksemd som forvaltar relativt små tilskot til få mottakarar, og det vil etter vårt syn vera ineffektivt å utvikla eit eige digitalt system på dette området. Fordi me veit at mange andre verksemdar er i same situasjon, ønskjer me i 2018 å arbeida vidare med planar for eit fellessystem som verksemdene kan bruka i tilskotsforvaltninga. Språkrådet vurderer at eit slikt system kan redusera tidsbruken og heva kvaliteten på arbeidet.

### Andre digitaliserings- og effektiviseringstiltak

Språkrådet får levert IKT-tenester frå Nasjonalbiblioteket, og me følgjer deira rutinar på dette området, blant anna når det gjeld bruk av skytenester (jf. tilrådingane og krava som er sette i digitaliseringsrundskrivet for 2017). Språkrådet er ei verksemd som ikkje kommuniserer direkte med innbyggjarane på ein måte som gjer det relevant å bruka Digital postkasse. Språkrådet har teke i bruk elektronisk faktura.

## Del V: Vurdering av framtidsutsikter

Arbeidsoppgåvene til Språkrådet er sektorovergripande og særskilt viktige for heile det norske samfunnet. Språket vårt er ein infrastruktur som er avgjerande for at samfunnet skal fungera. Eit godt, tydeleg og tilgjengeleg språk fremjar god læring, eit trygt og effektivt arbeidsliv og medverknad i samfunnet for alle borgarane i Noreg.

Språkrådet ønskjer å arbeida strategisk for å bli ein endå meir synleg aktør og premissleverandør for utviklinga på viktige samfunnsfelt. Særleg viktig blir arbeidet med å sikra norsk språk, dei nasjonale minoritetsspråka og det språklege mangfaldet i den gjennomgripande digitaliseringa av samfunnet. Dette arbeidet er avgjerande for å halda språket ved lag som kulturell sameige og som eit godt og effektivt kommunikasjonsmiddel i heile det norske samfunnet. Det er òg avgjerande for å tryggja det språklege mangfaldet og interessene til språkbrukane for framtida.

Den største utfordringa norsk og dei nasjonale minoritetsspråka våre står overfor i tida som kjem, knyter seg til digitaliseringa av samfunnet. For at norsk språk, både skriftleg (bokmål og nynorsk) og det norske talespråkmangfaldet skal kunna dyrkjast og styrkast vidare, er det naudsynt at det blir god tilgjenge til språkteknologiske grunnlagsressursar for norsk og for minoritetsspråka våre. Det vil gjera det mogleg å utvikla gode språkteknologiske produkt og verktøy som sikrar at språka våre også er naturlege val på digitale plattformer, og som gjev brukarane tilgjenge til språket sitt i møte med digitale offentlege tenester og produkt. Det vil også sikra at skuleelevar får tilgjenge til digitale verktøy og læringsressursar på eige opplæringsmål.

Ei anna utfordring gjeld det fleirspråklege arbeidslivet. Med arbeidsinnvandringa til Noreg er mange arbeidsplassar blitt fleirspråklege, men for EØS-borgarar manglar plikt og rett til norskopplæring. Av omsyn til både tryggleik og effektivitet på arbeidsplassen, gode produkt og tenester til kundar og brukarar og eit regulert og trygt arbeidsliv med fungerande arbeidsplassdemokrati vil det vera behov for å få på plass system for god norskopplæring.

Ei tredje utfordring gjeld gode språkval i den høgare utdanningssektoren. For å sikra langsiktige språkpolitiske mål knytt til både språkets korpus og språkets status vil det vera viktig å få på plass eit meir systematisk arbeid for å sikra gode resultat i det lovpålagde ansvaret institusjonane har for å vedlikehalda og utvikla norsk fagspråk på alle fagområde. Vidare trengst det innsats for å sikra at studentane får det språklege grunnlaget dei treng for å kunna vera gode yrkesutøvarar i det norske arbeidslivet, og for å sikra at samfunnet får del i forskingsresultata verksemdene produserer, gjennom god norskspråkleg formidling. Språkrådet ser òg at mangelen på insentivordningar for formidling av forskning gjennom produksjon av norskspråklege fagbøker og lærebøker gjev utfordringar for denne delen av oppdraget til institusjonane i universitets- og høgskulesektoren.

Språkrådet har i 2017 sett ned eit eksternt ekspertutval som skal hjelpa til med å identifisera dei viktigaste innsatsområda for norsk språkpolitikk i åra som kjem. Det vil sikra at Språkrådet kan få størst mogleg effekt i arbeidet vårt for å sikra hovudmåla i språkpolitikken.

## Del VI: Årsrekneskapen

### Leiarkommentarar til Språkrådets rekneskap 2017

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følgjer opp språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet. Rekneskapen er førd etter kontantprinsippet og er avgitt i samsvar med retningsliner for økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og Kulturdepartementets instruks til Språkrådet om økonomi- og verksemdsstyring.

#### Stadfesting

Det blir med dette stadfest at årsrekneskapen er avlagd i samsvar med gjeldande reglar for økonomistyring i staten og med dei krava som er sette frå overordna departement. Rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av løyvingane Språkrådet har hatt til rådvelde i rekneskapsåret, både av inntekter og utgifter. Språkrådet fører rekneskap etter kontantprinsippet.

Språkrådet har ein intern økonomiinstruks som er fastsett av Språkrådets styre, og som baserer seg på økonomiregelverket i Staten og på Kulturdepartementets instruks om økonomi- og verksemdsstyring for Språkrådet. Etter denne instruksjonen har direktøren ansvaret for at dei økonomiske ressursane i verksemda blir disponerte i samsvar med føresetnadene, og i samsvar med gjeldande regelverk for økonomiforvaltning i staten. Språkrådets styre har det overordna ansvaret for at økonomireglementet og KUDs instruks blir følgd og for at budsjetttrammene blir haldne.

Språkrådet utarbeider i tråd med dei overordna føringane ein årleg disposisjonsplan som saman med interne budsjetttdisponeringsfullmakter legg føringar for den samla disponeringa av budsjettmidlane i organisasjonen.

#### Spesifikk vurdering av vesentlege tilhøve

Budsjetttramma for 2017 var på kap. 326 – post 01 kr 35 681 000.

I tillegg hadde Språkrådet tilskotsforvaltning på kap. 326 – post 73 kr 22 705 000. Av desse gjekk kr 100 000 til Årets nynorsk-kommune og kr 800 000 til tilskotsordninga for innsamling av stadnamn. Resten av tilskotsmidlane gjekk til språktiltak og språkorganisasjonar etter den tildelinga som var fastsett av Stortinget i statsbudsjettet for 2017.

#### Andre vesentlege opplysningar

Språkrådet har som statleg verksemd revisjon gjennomført av Riksrevisjonen. Årsrapport og årsrekneskap for verksemda blir publiserte på Språkrådets nettsider ([www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)) etter avslutta etatstyringsdialog om dokumentet. I tråd med DFØs tilrådingar publiserer me også revisjonsrapport frå Riksrevisjonen når dokumentet blir offentleg tilgjengeleg.

Oslo 22. februar 2018



Åse Wetås  
direktør



Guri Melby  
styreleiar

## Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Språkrådet er utarbeidd med utgangspunkt i «Bestemmelsene om økonomistyring i staten» og følgjer dei.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa inneheld ein øvre del med rapportering om bruk av løyvinga og ein nedre del som viser behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomrekneskap (mellomvære) med statskassa.

Oppstillinga av løyving- og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i retningslinene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen inneheld alle dei rapporterte utgiftene og inntektene for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.
- Rekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet.

Rekneskapen følgjer kalenderåret.

Oppstillinga av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa. Prinsippa følgjer punkt 3.5 i retningslinene for rapportering til statsrekneskapen. Sumlina «Netto rapportert til løyvingerekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

### Oppstilling av løyvingrapportering 31.12.2017

Utgifts- kap.	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2017	Meirutg. (-) og mindreutg.
0326	Språk-, litteratur- og bibliotek- føremål	01	Drifts- utgifter	A, B	35 681 000	35 190 567	490 433
0326	Språk-, litteratur- og bibliotek- føremål	73	Språkorg.	A	22 705 000	11 655 000*	0
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Drifts- utgifter		0	852 760	
<i>Sum utgiftsført</i>					58 386 000	47 698 327	

\*Løyvinga under posten er disponert av Språkrådet, men kr 11 050 000 er ført inn i Kulturdepartementets rekneskap. Heile løyvinga under posten er dermed nytta.

Innt.- kap.	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2017	Meirutg. (-) og mindreutg.
3326	Språk-, litteratur- og bibliotek- føremål	01	Ymse inntekter		57 000	354 295*	297 295
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse			0	149 425
5700	Folketrygda sine inntekter	72	Arb.g.avg.			0	3 196 162
<i>Sum inntektsført</i>					57 000	3 699 882	

\* I tillegg er det ved ein inkurie ført kr 2 965 som inntekt på artskonto 323 i staden for på kap. 3326 post 01.

<b>Netto rapportert til løyvingerekneskapen</b>		
<i>Kapitalkontoar</i>		
60057501	Noregs Bank KK, innbetalingar	1 944 702
60057502	Noregs Bank KK, utbetalingar	-45 926 912
703814	Endring i mellomvære med statskassa	-16 237
<b>Sum rapportert</b>		<b>0</b>

<b>Behaldning rapportert til kapitalrekneskapen (31.12.)</b>				
		31.12.2017	31.12.2016	Endring
703814	Mellomvære med statskassa	989 329	973 093	16236

<b>Note A Forklaring av samla tildeling utgifter</b>			
Kapittel og post	Overført frå 2016	Tildelingar 2017	Samla tildeling
032601 Driftsutgifter	-454 000	36 135 000	35 681 000
032673 Språkorganisasjonar	0	22 705 000 *	22 705 000

\*I beløpet inngår overskridingssamtykke på kr 115 000, jf. brev frå KUD 12.10.2017.

<b>Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av beløp som kan overførast</b>								
Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i tråd med gjevne belastningsfullmakter	Meirutgift (-) / mindreutgift etter gjevne belastningsfullmakter	Meirinntekt / mindreinntekt (-) i tråd med meirinntektsfullmakt	Innsparing (-)	Sum grunnlag for overføring	Beløp som kan overførast, utrekna av verksemda
032601/ 332601	Underforbruk	490 433		490 433	297 295		787 728	787 728

### Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

#### *Fullmakt til å overskrida driftsløyvinga mot tilsvarende meirinntekter*

Språkrådet har fullmakt til å overskrida løyvinga under kap. 326 post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3326 post 01. Meirinntektene utgjer kr 297 295 og inngår i utrekninga av beløpet som kan overførast til neste rekneskapsår.

#### *Beløp som kan overførast*

Ubrukt løyving for Språkrådet under kap. 326 post 01 / kap. 3326 post 01 utgjer kr 787 728. Dette er mindre enn maksimalt overførbart beløp (5 % av løyvinga under kap. 326 post 01).

## Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2017

	Note	2017	2016
<b>Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	357 260*	1 030 439
Andre innbetalningar	1	0	0
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		357 260	1 030 439
<b>Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetalningar til løn	2	25 609 887	23 702 444
Andre utbetalningar til drift	3	9 578 243	9 646 011
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		35 188 130	33 348 456
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>34 830 870</b>	<b>32 318 017</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	5	0	0
Utbetaling til kjøp av aksjar	5	0	0
Utbetaling til finansutgifter	4	2 437	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		2 437	0
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>2 437</b>	<b>0</b>
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	100 000	246 379
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overf. til staten</i>		<b>100 000</b>	<b>246 379</b>
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	11 655 000	965 000
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		<b>11 655 000</b>	<b>965 000</b>
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)		46 460	51 751
Arbeidsgjevaravgift, konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		3 196 162	3 050 663
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		852 760	1 020 118
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		<b>-2 389 861</b>	<b>-2 082 296</b>
<b>Netto rapportert til løyvingsrekneskapen</b>		<b>43 998 446</b>	<b>30 954 093</b>

## Oversikt over mellomvære med statskassa

	2017	2016
<b>Eigedelar og gjeld</b>		
Krav	0	14 000
Kasse	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skyldig skattetrekk	-1 017 567	-1 040 635
Skyldige offentlege avgifter	-7 736	-10 424
Anna gjeld	35 973	63 967
<b>Sum mellomvære med statskassa</b>	<b>-989 329</b>	<b>-973 093</b>

## Note 1 Innbetalingar frå drift

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Innbetalningar frå gebyr</i>		
<b>Sum innbetalingar frå gebyr</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetaling frå tilskot og overføringar</i>		
<b>Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Sals- og leigeinnbetalingar</i>		
Tilfeldige inntekter (post 01, 02)	357 260	1 030 439
<b>Sum sals- og leigeinnbetalingar</b>	<b>357 260</b>	<b>1 030 439</b>
<i>Andre innbetalingar</i>		
<b>Sum andre innbetalingar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalingar frå drift</b>	<b>357 260</b>	<b>1 030 439</b>

## Note 2 Utbetalingar til løn

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Løn</i>	20 224 345	20 871 165
Arbeidsgjevaravgift	3 196 162	3 050 663
Pensjonsutgifter	2 412 967	0
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-1 570 791	-1 608 909
<i>Andre ytingar</i>	1 347 204	1 389 526
<b>Sum utbetalingar til løn</b>	<b>25 609 887</b>	<b>23 702 444</b>
<b>Tal på årsverk</b>	<b>29,8</b>	<b>33,7</b>
Talet på årsverk i 2017 er redusert med fråvære over éin dag		

## Note 3 Andre utbetalingar til drift

	31.12.2017	31.12.2016
Husleige	2 679 736	1 793 985
Vedlikehald av eigne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	2 256	9 137
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	146 302	147 801
Reparasjon og vedlikehald av maskinar og utstyr	0	0
Mindre utstyrskjøp	91 528	147 356
Leige av maskinar, inventar og liknande	0	0
Kjøp av framande tenester	3 338 245	3 061 090
Reiser og diett	979 601	853 778
Andre driftsutgifter	2 340 575	2 632 954
<b>Sum andre utbetalingar til drift</b>	<b>9 578 243</b>	<b>9 646 011</b>

#### Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekt</b>		

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	2 437*	0
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
<b>Sum innbetaling av finansutgifter</b>		

\*Det meste av beløpet er forseinkingsrenter til skatteetaten for omvend avgiftsplikt (mva. for kjøp av tenester fra utlandet).

#### Note 5 Utbetalinger til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	0	0
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Tryggingsinnkjøp	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskinar og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	0	0
<b>Sum utbetaling til investeringar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
<b>Sum utbetaling til kjøp av aksjar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2017	31.12.2016
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	100 000	246 379
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</b>	<b>100 000*</b>	<b>246 379</b>

\*Tilbakeføring av for mykje utbetalt til stønadsmottakar i 2016.

#### Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer til staten

	31.12.2017	31.12.2016
Tilskot til kommunar	100 000	0
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	0	965 000
Tilskot til ideelle organisasjonar	11 555 000	0
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer til staten</b>	<b>11 655 000</b>	<b>965 000</b>



**Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa**  
**Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa**

	31.12.2017 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2017 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjar og andelar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Omlaupsmidlar	1	0	0
Kundekrav	1 875	0	1 875
Andre krav	0	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
<i>Sum</i>	1 875	0	1 875
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-46 457	0	-46 457
Skyldig skattetrekk	-1 017 567	-1 017 567	0
Skyldige offentlege avgifter	-7 736	-7 736	0
Anna kortsiktig gjeld	35 973	35 973	0
<i>Sum</i>	-1 035 786	-989 329	-46 457
<b>Sum</b>	<b>-1 033 911</b>	<b>-989 329</b>	<b>-44 582</b>

# Vedlegg

## Rettskrivingsvedtak i 2017

Språkrådet gjorde i 2017 disse vedtaka om rettskriving:

Vedtak som gjeld begge målformer (bokmål før skråstreken, nynorsk etter):

- 1) *mormon* eller *mormoner/mormonar* (før: *mormon*)
- 2) *gasse* (før: *gasell*)
- 3) *makak* (før: uklar normering)
- 4) *postdoktor* og *postdok* (før: uklar normering)
- 5) skrivemåtar for grunnstoff med atomnummer 103–118: *lawrencium*, *rutherfordium*, *dubnium*, *seaborgium*, *bohrium*, *hassium*, *meitnerium*, *darmstadtium*, *røntgenium*, *copernicium*, *nihonium*, *flerovium*, *moscovium*, *livermorium*, *tenness* og *oganesson* (før: unormert)
- 6) *gusje-* (før: uklar normering)
- 7) *kvilt*, *kvilte* (nynorsk òg *kvilta*), *kvilting* eller *quilt*, *quilte* (nynorsk òg *quilta*), *quilting* (før: unormert)
- 8) endring frå valfritt hankjønn eller inkjekjønn til berre hankjønn for desse orda: *ans*, *drøss*, *glepp* og *glipp*, *glid*, *kik* og *kikk*, *kvekk*, *miks*, *rus*, *sprøyt* og *trass*

Vedtak som berre gjeld bokmål:

- 9) endring frå valfritt hankjønn eller inkjekjønn til berre hankjønn for desse orda: *hang* og *stim*
- 10) endring frå valfritt hankjønn eller inkjekjønn til berre inkjekjønn for ordet *bak* 'oppvarming'

Vedtak som berre gjeld nynorsk:

- 11) endring frå valfritt hankjønn eller inkjekjønn til berre hankjønn for desse orda: *bak* 'rygg, bakende', *skratt* og *snus*
- 12) *herfrå* eller *herifrå* (før: *herifrå*)



SPRÅKRÅDET  
Org. nr.: 971527404

## Riksrevisjonens beretning

Til Språkrådet

### Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Språkrådets årsregnskap for 2017. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2017.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 43 998 446 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Språkrådets årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2017 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2017, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

### Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Det er ingenting å rapportere i så måte.

### Ledelsens, styrets og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen og styret er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen og styret er også ansvarlig for å etablere den interne

kontrollen som de mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet og styret har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

### **Riksrevisjonens oppgaver og plikter**

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999), alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde

Vi kommuniserer med ledelsen og styret og informerer det overordnede departementet, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og styret og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

## Uttalelse om øvrige forhold

### Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss med moderat sikkerhet om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk for økonomistyring.

Oslo; 27.04.2018

Etter fullmakt

Tor Digranes  
ekspedisjonssjef

Harald Haugen  
avdelingsdirektør

*Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur*